

Delt lesing, lesegrupper etter Shared Reading-metoden, med Mari Vannes og My Lothe.

Mari Vannes har hatt lesegrupper i delt lesing, Shared reading, frå 2018 på Deichman Torshov. Ho underviser i metoden på kurs for bibliotekarar og andre.

My Lothe er utdanna bibliotekar frå Oslo Met og har skrive bacheloroppgåve om erfaringar frå delt lesing i praksis. Ho deltok på lesesirkelgruppe ved Deichman Torshov og intervjuar fem deltakarar.

Metoden i bruk

Mari fortel at metoden kjem frå organisasjonen The Reader i Storbritannia på 1990-talet, der han har vore brukt for sårbare grupper i psykiatri, rusomsorg og fengsel, men også i skular og bibliotek. Eit viktig formål har vore litteraturformidling til dei som gjerne ikkje hadde så mykje av det frå før, og det viste det seg at det kunne ha ein god påverknad på mental helse og livskvalitet for deltakarane. Resultata vart sett som interessante, og det vart utvikla ein metode og forska på det.

Ein lesesirkel fungerer slik at folk møtest i ei gruppe. Ein leseleiar har valt ut tekstar, som ho/ha deler ut eller viser på ein skjerm. Leseleiar les kvar tekst høgt, ganske langsamt og tek pausar i lesinga. Deltakarane snakkar om teksten. Dei er ikkje ute etter «fasit» eller rette svar. Den direkte opplevinga er i fokus, og ein treng ikkje lang kjennskap til litteratur for å få eit utbytte. Vanlegvis er det ei novelle og eit dikt som vert brukt. Ein finn tekstar med kvalitetar for samtalar, det kan vere smalt og vanskeleg. Ein kjem nært teksten, utan å bruke litteraturvitskapleg metode, men opnar opp eit rom for utforskning og samtale med bakgrunn i teksten.

Deltakarane i gruppa

Noko som er viktig å få fram, er at det er heilt greitt å vere stille og lytte. Det er pausar av stillheit, og folk må få tenke på inntrykka. Spørsmåla går til heile gruppa.

My trekker fram det at det kan vere eit gode at ein ikkje har lese teksten på førehand, fordi det opnar for direkte assosiasjonar. Ein deltakar ho har intervjuar, seier at ho liker denne forma godt. Ho synest det er interessant å høyre andre sine tolkingar og inntrykk av teksten, når ein får han delt opp i små bitar. Mange starta i gruppa fordi dei var interesserte i litteratur, og dei ville halde fram også fordi dei likte den sosiale settinga, få presentert ny litteratur og det uforpliktande ved å ikkje skulle førebu seg.

Mari tenker at det som er likt for ulike typar lesesirkel er at ein relaterer seg til teksten på ein personleg måte.

Under lesinga hender det at folk kjem med historier frå eige liv, ut frå hendingar for personar i teksten. Han kan også minne om filmar og andre tekstar. Utgangspunktet kan vere noko som opnar for samtale på mange plan. Nokre kan bli rørt av det dei les, og ein føler at ein blir sett i teksten. Dette kan ein velje å snakke om eller ikkje, nokre held det litt tilbake, og det er heilt greitt. Sjølv om ein snakkar om det personlege, så er det ikkje ei form for gruppeterapi.

Tekstane kan handle om vanskelege tema som einsemd, vanskelege relasjonar, skam, sorg og tap. Sjølv om dei les tekstar som tek opp slike tema, har dei også mykje humor i gruppene. Latteren sit laust, sjølv om dei snakkar om «vanskelege tekstar» av Kafka og Joyce. Tekstar frå andre tider kan få nytt liv og bli tolka på nytt.

Etter at dei har lese ei novelle, har leseleiar gjerne funne eit dikt som kan passe tematisk til novella eller skape ein kontrast, til dømes om ein har eit tungt og eit lett tema. Kjensler og stemningar er det ein kan legge vekt på, sjølv om ein ikkje forstår alt. Enkelte kan vere skeptiske til dikt, etter at dei har analysert dei i norskundervisinga. Men i delt lesing opplever ein at folk tek dikta til seg, og nokre finn nye favorittar som dei kan henge opp på kjøleskapet.

My fortel at ho intervju to menn og tre kvinner i samband med oppgåva, og ein var pensjonist og dei fire andre i yrkeslivet. Ein mann fortalde han var litt nervøs for å delta første gongen. Etter at han klarte å ytre seg, og han opplevde at det vart godt motteke av dei andre, synest han det var avslappande og hyggeleg å vere i gruppa. Han deltek jamleg seinare og synest det er interessant å få fleire syn på ein tekst, som etter samtalen kan endre ei oppleving av innhaldet. Dei som er med får til ein samtale som både er filosofisk og jordnær, synest han.

Mari seier at ho vil gjerne at det skal vere både litterær og estetisk oppleving, samstundes som ein kan knyte det til eige liv. Slik at det vert ein fin kombinasjon. Det er sosialt, trygt og eit hyggeleg fellesskap. Her kan ein møte folk på ein uforpliktande måte.

Høgtlesinga er viktig, ei roleg stund der tankane kan vandre, samtidig som ein vert utfordra av krevjande tekstar. Tekstar ein ikkje forstår eller liker med ein gong, kan opne seg og gje større utbytte i samtalen. Utan å kunne gripe direkte inn i liva til kvarandre, kan tekstane gje språk til kjenslene våre. Ein kan kjenne seg forstått i teksten, som kan vere bra for oss sjølve og auke empati for andre.

Digitale lesesirklar med delt lesing, Shared Reading

Då biblioteka stengde ned ved korona, vart dette tilbodet vekke. Mari seier at ho var skeptisk til digitale grupper, fordi trygghet og nærleik ville bli borte. Ho prøvde ut grupper i Zoom, og det fungerte ganske godt, og ho måtte utvide tilbodet. Mange av dei som var med fysisk, møtte på dei digitale gruppene. Det kom også andre, noko som var interessant. Det har vore mellom to til ni deltakarar. Det fungerte særleg godt med fem-seks deltakarar.

Noko om det praktiske: Deltakarane får ei lenke, slik at dei treng ikkje laste ned programmet. Ein kan sørge for å ha ein god mikrofon, slik at lyden når fram. Ein roleg bakgrunn og at ein ser inn i kamera er andre tips.

I Zoom er det ein funksjon som gjer at ein kan dele teksten på skjermen, og deltakarane kan følge med der.

My har delteke i ei digital gruppe, og ho opplevde at det likna på ei fysisk samling. Det sosiale elementet vart annleis, men ho såg at både ho og andre fekk mykje ut av litteraturen, sjølv om det var uvant form. Det var det første gongen i den fysiske gruppa også, det å sitje med framande i ei slik gruppe. Ho kjente igjen nokre frå den tidlegare gruppa, og ho synest at det fungerte godt.

Mari seier at det er ein stor fordel å ha kurs før ein skal gå i gang med delt lesing, Shared reading. På kurset øver ein på å finne tekstar som eignar seg, gruppedynamikk og å setje i gang samtalen. Kurset er nyttig også for dei som har erfaring med å formidle litteratur.

My summerer opp erfaring frå lesesirkel i delt lesing, Shared Reading slik: Anten han er fysisk eller digital, kan det vere ei god sosial oppleving. Det er lærerikt, både om litteratur og seg sjølv og andre. Litteraturen som blir formidla, er høg kvalitet. Det er absolutt eit godt tilbod i ein travel kvardag. Som ein deltakar sa: - Tilbodet burde bli utvida, fordi mange kan få stor glede av det, og det gjer noko med oss.

Når vi les på denne måten, kan vi gå djupt inn i opplevinga av litteraturen. Mari fortel om ein deltakar som kom bort til henne og sa at ho hadde tenkt på ein tekst etter gruppa, og det hadde fått henne til å sjå noko på ein ny måte.